

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 4. mai 2017, kl. 19.30

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Liv Marit Indreeide, Richard Moen, Liv Marit Indreeide, Kenneth Hovden, Harald Vestre, Jan Ole Fuglem, Monica Henden

Sak 13/17 **Informasjon frå gruppene**

Trimgruppa: 183 deltakarar på sykkeltrimmen måndag 1.mai, litt mindre enn i fjor. Fint vår! Fekk inn ca 15.000 netto. Trimkorta ligg ute for sal på butikkane.

Friidrett:

Fotballgruppa: Fotballgruppa har teke på seg å arrangere miniturnering 10 juni, 51 lag påmelde, ein del av cupen til dei mellom 6 og 8 år. Kan blir mellom 700 og 800 personar innom. Parkering kan bli ei utfordring. Serien har starta, mange gode resultat, få skadar. *Tips: skadefri.no*

Disksport: Sesongen er i gang, vekas runde, skilting, turnering no på laurdag – vårslepp. Ser ikkje ut til å blir så mange denne gongen, kolliderer med mykje anna

Skigruppa: Avslutta ein bra sesong. Sesongen er evaluert, har begynt å planlegge neste sesong, har søkt om å få arrangere Midtnorsk mesterskap til vinteren. Ser ut til at det skal gå i boks.

Styret: VIL fekk minnegåve i samband med gravferda til Kjell Hoel, ca kr 15.000,-.

Så vidt i gang med planlegging av olsok. Sendt inn søknad om kulturmidlar, kr 100.000. Aktivitetsdag for folk med nedsett funksjonsevne laurdag 6.mai. Manglar enno folk som kan stille på og hjelpe til. Viktig å bidra.

Ein god del nøklar til klubbhuset ute som sikkert skulle vore levert inn – ingen fleire å dele ut.

Minner om at trenarar og lagleiarar for barn skal legge fram politiattest. Lage eit register, ein ansvarleg.

Marknaden suksess, gunstig helg (palmelaurdag), mykje folk, ikkje heilt forberedt, gjekk tom for årer/lodd, tok utgangspunkt i fjordåret, tala ikkje heilt klare, men fekk inn ca 40.000. Bør evaluere og få ned på papiret slik at vi har det til neste år. Allereie no booke same helga våren 2018. Liv Marit bestiller Martin Linge-huset.

14/17 Brukargruppe Martin Linge-huset

Hatt 1 møte. Fotballgruppa største brukaren, Kenneth Hovden er valgt som laget sin representant. Neste møte 1. juni.

15/17 Funksjonar for styremedlemmar og årshjul

Saka utsett.

16/17 Drift av anlegg i sommar

Anders gjer avtale med nokon som kan ta seg av vedlikehald sommaren 2017 - børste kunstgrasbana, klippe grasbana. Får betalt pr time.

Små justeringar i lysløypa – slutten på nedkjøringa mot stadion. Skigruppa får i oppdrag å sjå på dette.

Nedvask av klubbhuset 18.mai, kl 18.00. Treng ca 10 personar. Einar lagar liste over personar som skal kallast inn. Nedvask bør kome inn på årshjulet. Kjøkkenet mykje brukt både av skigruppa vinteren og fotballgruppa sommarsesongen. Bør vaske ned etter seg når sesongen er over.

Ressursgruppa er i sving. Første gong i dag. Har fått liste over oppdrag, fått beskjed om å melde inn dersom dei kjem over andre ting som skulle vore gjort.

17/17 Skigruppa

Ønskje om utbygging av anlegg (reservearena) på Høghjellane. Snøfattige vintrar siste åra, ønskje om å utvide sesongen. Området godt egna, snøsikkert anlegg. Behovet for reservearena er der, men ikkje noko nytt probelm. Vi har reservearena allereie, men bør begynne å planlegge og utvikle reservearenaen. Skigruppa ber om at der blir sett ned ei arbeidsgruppe som ser på dette vidare. Styret bør vere representert i ei slik arbeidsgruppe. Forslag om at Einar Hoel blir med i gruppa. Styret set ned følgjande arbeidsgruppe: Einar Hoel, Anne Gry M. Vestre, Jan Ole Fuglem, Per Jomar Nerli.

18/17: Kjøp av traktor med utstyr

Brev frå Valldal IL – fotballgruppa til hovedstyret i VIL

Behovet er der, men må ikkje gløyme at vi har Martin Linge-huset. Kjøpe kontra lease. Innhente fleire tilbod, vurdere kjøpe brukt. Fortrinnsvis fotballgruppa som vil gjere seg nytte av ein slik traktor. Fotballgruppa bør jobbe vidare med dette – sjekke opp kva ein treng, forhøyre seg med fotballkretsen, sjå på brukt utstyr, innhente fleire tilbod, sjekke ut kva det vil koste VIL å kjøpe eit skjær og leige utstyr hos Øyvind Hoel til å utføre jobben. Bør ha tankar om finansiering. Årsmøtesak dersom ein går for å kjøpe inn eigen traktor.

Møtet slutt kl. 22.30

Liv Marit Indreeide

-referent